



Hordaland politidistrikt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2947 - 17/1023

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

17.01.2017

Vedtak om særskilt fartsgrense 50 km/t - KV 1118 Beitingsvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 22/2017

Saksutgreiing:

Meland kommune har nyleg utvida KV 1118 Beitingsvegen i samband med legging av vassleidning. Vegen har også fått veglys og ein utvida vegskulder på 2 m som kan nyttast av gåande. Vegbreidda utanom vegskulder er 4 m. Sikta på strekninga er blitt betre, men er framleis dårleg på nokre punkt. Målet med den utvida vegskulderen er at dei gåande skal få betre vilkår, og samstundes er det då viktig at dei køyrande ikkje held for stor fart.

Vurdering

Til no har ikkje Beitingsvegen hatt særskilt fartsgrense, og det har difor vore usikkerheit knytt til kva fartsgrense som gjeld; 50 km/t eller 80 km/t. Vegen går for det mest langs ein golfbane og er mykje brukt av gåande i området. Vegen er også skuleveg for elevar som er busatt i Beitingen. Samtidig er det lite avkøyrslar og busetnad langs vegen, så det er naturleg at mange i dag vil tolke at vegen har 80 km/t. Meland kommune har også fått fleire munnlege henvendingar at vegen bør ha lågare fartsgrense frå bebuarar i området.

Meland kommune meiner, basert på vurderingane over, at det er behov for særskilt fartsgrense på strekninga og at denne fartsgrensa bør vere 50 km/t. Skiltinga vert gjort etter vedlagt skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ba Meland kommune om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var satt til 13.01.2017. Det var ingen merknader til høyringsbrevet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 26 pkt. 1 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på KV 1118 Beitingsvegen til 50 km/t. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan Beitingsvegen

Mottakere:

Hordaland politidistrikt
Statens vegvesen